

Innspel til rettskrivingsnemnda for nynorsk

frå Kåre Vigestad

Etter å ha vore språkarbeidar og nynorskomsetjar på heiltid i 24 år, og før det høgskulelektor i norsk i 13 år, reknar eg meg som kompetent til å kome med nokre innspel i samband med den nye nynorsknormalen.

Først vil eg seie at nemnda har gjort eit solid arbeid, og på dei aller fleste punkta er eg einig i konklusjonane (sjølv om eg gjerne hadde sett at det blir fleire eineformer i mange samanhengar). Nedanfor gir eg først nokre generelle kommentarar, deretter kommenterer eg det nemnda særleg vil ha synspunkt på, og så kjem eg med innvendingar på nokre av dei andre punkta.

Generelle kommentarar

Tekstkorpuset

Under pkt. 1.7 Kjelder viser nemnda til «det nynorske tekstkorpuset» og seier sjølv at normerte/korrigerte tekstar utgjer berre ein mindre del av korpuset, medan hovuddelen er skjønnlitteratur, avistekstar osv.

Når vi veit at forlaga i svært liten grad bryr seg med språket til skjønnlitterære forfattarar, kan ein ikkje vente anna enn at det nynorske skjønnlitterære språket i stor grad bryt med den normerte nynorsken. Og desse brota er gjerne ikkje eit bevisst val frå forfattaren si side, men kjem ofte av at han eller ho «ikkje veit betre» (eller vil leggje skriftbiletet opp til sitt eige talemål). Derfor bør ein ikkje leggje for stor vekt på skjønnlitteraturen som rettesnor for ein ny nynorsknormal. Faglitteraturen er meir til å stole på, for der er forlaga meir opptekne også av det språklege.

Og den som har lese ein del lokalaviser og regionaviser som bruker «nynorsk», veit at ein god del av språket her nærmar seg «kaudervelsk» og er prega av lettvinde løysingar, der bokmålsord og bokmålssyntaks florerer. Her er det endå mindre grunn til å la formvala influere på den nye normalen.

Talemål som grunnlag for skriftspråket

Eg går ut frå at nemnda har fått, og framleis får, mange innspel som argumenterer for ulike jamstilte former som skal korrespondere med ein dialekt eller eit dialektområde. Eg vil sterkt oppmode nemnda om å vere restriktiv her. Vi må få ei «tydeleg, enkel og stram norm for nynorsk, utan sideformer ...», som det heiter i mandatet. I pkt. 2.1 Vokalisme, pkt. 2.2 Konsonantisme og pkt. 2.4 Skrivemåten til enkeltord bør det gjerast fleire innstrammingar, altså innførast fleire eineformer.

Ein annan ting er at ein ikkje må bli så oppslukt av kravet om «enkel og stram norm» at ein øydelegg eller overforenklar sjølve språksystemet. Eg viser her særleg til kommentarane nedanfor som gjeld verb med/utan j og systemet med samsvarsbøyning.

Kommentarar til dei punkta nemnda særleg vil ha synspunkt på

	Framlegg frå nemnda	Mine kommentarar
1	Berre <i>-leg</i> , ikkje <i>-lig</i> (<i>endeleg</i> , ikkje <i>endelig</i>)	Einig
2	Berre <i>-stilling</i> , ikkje <i>-stelling</i> (<i>framstilling</i> , ikkje <i>framstelling</i>)	Einig
3	Valfri <i>j</i> i verb som <i>leggje/legge</i> og <i>søkje/søke</i> og svake hokjønnsord som <i>bryggje/brygge</i> og <i>enkje/enke</i>	Nei, ikkje einig! Gjeld punkta 2.3.1 og 2.3.3 i innstillinga. Vi må ikkje la skilnaden mellom t.d.

		<p><i>rekke/rekke, hengje/henge, merkje/merke, trenge/trenge, søkkje/søkke</i> o.a. forsvinne, altså der det er svak bøyning av je-formene og sterkt bøyning av formene utan j. La også bøyingen av <i>ønskje/ynskje</i> (verb) og <i>ønske/ynske</i> (subst.) vere som i noverande normal. Dersom nemnda er redd for at bokmålsfolk i sentrale posisjonar skal påleggje nynorskfolk å velje dei mest bokmålsnære formene, er dette eit viktig punkt.</p>
4	Former med diftong blir eineformer i ord som <i>drøyme, høyre</i> og <i>køyre</i> . Nemnda har særleg fått innvendingar mot å stryke forma <i>kjøre</i> .	Einig. Stryk også forma <i>kjøre</i>!
5	Former som i dag har hovudform med dobbel konsonant og klammeform med enkel, skal i dei fleste tilfelle berre ha forma med dobbel konsonant i den nye rettskrivinga (<i>ramme, danne</i>).	Einig
6	Valfri samsvarbøyning i perfektum partisipp av svake verb (<i>Dei er presenterte/presentert</i>). Obligatorisk samsvarbøyning i perfektum partisipp av sterke verb (<i>Dei er frosne</i>). Her har nemnda både fått framlegg om å stryke samsvarbøyning i sterke verb og framlegg om å innføre full samsvarbøyning også i svake verb.	Nei, ikkje einig! Hald på samsvarbøyninga også i svake verb, altså slik det er i læreboknormalen i dag.
7	Dykk som subjektsform vert jamstilt med <i>de</i> . Her har nemnda òg fått innspel om å velje dialektformer som <i>dokke(r), dakk(r)</i> eller <i>dokk</i> .	Nei, ikkje einig! Dette forslaget kan ikkje vere alvorleg meint! Dykk som subjektsform har inga støtte i skriftspråket.
8	I nokre høgfrekvente ord gjer nemnda framlegg om å stryke dei jamstelte formene <i>skole</i> og <i>mye</i> , saman med klammeformene [<i>noe(n)</i>] og [<i>bare</i>]. Vi har både fått kraftige innvendingar mot å stryke mykje brukte former, og samstundes fått mange oppmodingar om å stryke nettopp desse.	Einig. Stryk også <i>skole</i>. (<i>Skole</i> har heller ikkje noko talemålsgrunnlag i område der nynorsk er skulespråket.) Dersom nemnda er redd for at bokmålsfolk i sentrale posisjonar skal påleggje nynorskfolk å velje dei mest bokmålsnære formene, er dette eit viktig punkt.
9	Kløyvd infinitiv (<i>vera/tenkje</i>) går ut av rettskrivinga. Dette er kanskje det framlegget som har skapt mest diskusjon til no.	Einig, jf. mandatet om ei «tydeleg, enkel og stram norm. Det får halde lenge at vi har valet mellom e-infinitiv og a-infinitiv.
10	I-mål (<i>sola [sol]</i> (bunden form eintal), <i>husa [husi]</i> (bunden form fleirtal)) går ut av den offisielle norma.	Einig

Kommentarar til nokre av dei andre framlegga

Pkt.	Emne	Mine kommentarar
2.1.1	Variasjon mellom to vokalar	<p>Då/endå, åleine, så og no (adv.) bør vere eineformer! Lyd og lys bør vere eineformer! Det same gjeld formene brønn, søndag, tørka, tørr.</p>

2.1.2	Diftong eller monoftong	Dei innarbeidde og svært vanlege formene <i>mør</i>, <i>rør</i> og <i>skjør</i> bør ikkje gå ut av normalen. Dei er meir brukte i nynorsk skriftspråk enn formene med diftong.
2.3.3	Ord med obligatorisk j etter g og k	Eg meiner at nemnda ikkje løyser noko rettskrivingsproblem med å innføre nye former utan j i somme ord. La systemet vere som i dag. (Då kan vi òg halde på skiljet mellom substantivet <i>ønske</i> og verbet <i>ønskje</i> .)
3.2.5	Adjektiv med og utan binde-e	Eg ser ingen grunn til å innføre fleire former med binde-e enn det vi har i dag, altså bør i alle fall <i>appetittleg</i>, <i>oppavleg</i> og <i>sjukleg</i> stå som eineformer. Også forma <i>mogleg</i> bør vere eineform. Det same gjeld <i>herskapleg</i> , <i>høgtidleg</i> , <i>lidenskapleg</i> og <i>vitskapleg</i> . (Kanskje kan også fleire binde-e-ar gå ut?)
3.3.1	Hankjønnsord i fleirtal (-er/-ar, -ene/-ane)	Ord av typen <i>benk</i>, <i>vegg</i>, <i>gjest</i> bør ha eineformer på -er/-ene. Det same gjeld hankjønnsord på -nad (<i>månader</i> , <i>månadene</i>) og ord av typen <i>villa</i> .
3.3.2	Sterke hokj.ord i fl.t. (-er/-ar, -ene/-ane)	Ord av typen <i>elv</i>, <i>myr</i> bør ha -ar/-ane som eineformer.
3.4.5b	Sterk og svak form i presens og perf. part. av sterke verb, andre punkt i framleggget	<i>Dra</i>, <i>la(te)</i> og <i>ta</i> bør berre ha sterk bøyning!
3.4.7	Verb med preteritum på -de eller -te	For verba <i>høyre</i> og <i>køyre</i> må preteritumsformene <i>høyerde</i> og <i>køyerde</i> vere eineformer.

Andre kommentarar

- 1 Forma *muleg* kan gjerne gå ut av rettskrivinga.
- 2 Verbet bli/verte kan i den noverande rettskrivinga bøyast på desse måtane:
 - 1 *verte*, *vert*, *vart*, *vorte*
 - 2 *bli*, *blir*, *vart*, *vorte*
 - 3 *bli*, *blir*, *blei*, *blitt*

Ei fjerde bøying er mykje meir vanleg enn nr. 2 ovanfor i dei nynorsktakstane eg får inn til språkvask:

bli, *blir*, *vart*, *blitt*

Grunnen er nok at både *blei* (pret.) og *vorte/vorten/vortne* (part.) verkar framande på mange nynorskbrukarar. Eg meiner at bøyinga *bli*, *blir*, *vart*, *blitt* bør erstatte nummer 2 ovanfor, når vi først tillèt ei blanda bøying.

Lykke til med sluttføringa av arbeidet!